

# Velkomen til Fylkesleir 23.-26. juni 2022 på Gjernes skule, Voss!

Leirplassen ligg ved Gjernes skule (Gjernesmoen 8, 5700 Voss), der me har leirkontor, parkering, dusj og toalett.

Treng de transport frå Voss sentrum til leirplassen, ta kontakt med Turid på 4H-kontoret: 99 40 52 69

## Miljøtorg

H.A.N.S.A. (alumnklubben) stiller opp med topp underhaldning, aktivitetar og kiosk i Miljøtorget kvar kveld.

## Sceneshow

Enkelte personar eller grupper kan melde seg på med eit innslag til sceneshow. Til dømes song, dans, trylling eller sketsj er passande innslag eller noko anna lurt. Bruk fantasien!

Detta er moro og du kan vinna fine premiar. Me vil helst att de melder på innslag før leiren startar!!

Send påmelding til: Hilda: tlf. 94178189.

Skriv fult namn, innslag, klubb og alder!

Alle klubbar må minst ha eit innslag til sceneshow, kva type innslag vel de sjølve. Klubbane vert fordelt på sceneshowet fredag og laurdag kveld, tidspunkt får de når de kjem på leiren.

Gje beskjed til Hilda på tlf. 94178189, viss det er noko de treng.

Me har lydanlegg og mikrofon. Fine premier å vinna!

## Volleyball

Ingen leir utan volleyball. Årets Landkredittbankcup startar allereie fredag med gruppespel. Alumnklubben H.A.N.S.A. har ansvaret, og ønskjer påmelding torsdag kveld.

## Tur/ aktivitet fredag

På fredag går vi til Voss Gondol og tar banen opp. Vi tar leirbilete, ete lunsj og har kjekke aktivitetar, før me tar banen ned og går tilbake til leirplassen.

## Landsleir kick-off

Fredag kl. 16.15 er det Landsleir kick-off for alle som skal på landsleir. Her får de møte fleire av leiarane som skal vera med til Breim, de får informasjon om leiren og kva de må gjera for å få ein flott leir.

## Bading

Bli det fint ver og me får tid, kan det bli bading for dei som ønskjer det.

## Leiarar

Alle klubbar stiller med leiarar. Dei må stille på leiarmøte kl. 21.00 kvar kveld for å få informasjon om program og kva medlemmene må hugse på/ta med seg.

Leiarane har eigen kaffekrok kor dei kan lage seg kaffi/te. Fint om de sjølve tek ansvar for å koke kaffi og holde orden.

## Alle må ta med

- Sovepose, liggjeunderlag og telt/lavvo
- Campingstol om du har
- Plastkopp, kaffi/tekopp, kniv, gaffel, og plastfat til frukost (de får fat til middagane)
- Kle etter været - sjekk vêrmeldinga!
- Toalettsaker + handkle
- Kle/ håргеle ol. til «Rockabilly-party» i miljøtorget laurdag kveld.
- Lommepengar og vipps til kiosk
- Lommelykt
- Drikkeflaske og gode sko til tur
- Liten sekk for mat og kle til kurs og tur
- Frivillig: Badekle

## Ta med dette til kurset

- |                                |                                     |
|--------------------------------|-------------------------------------|
| • Kajakk på Vangsvatnet        | Badekle                             |
| • Volleyball                   | Utebane. Joggesko og drikkeflaske   |
| • Trearbeid                    | Godt humør                          |
| • Sykkeltur rundt Vangsvatnet  | Eigen sykkel, hjelm og drikkeflaske |
| • Klatring, buldring           | Inne. Drikkeflaske                  |
| • Skyting med salonggevær 100m | Godt humør                          |
| • Fotografering, natur         | Fotoapparat, lader                  |
| • Swingkurs                    | Gode dansesko, drikkeflaske         |
| • Mekking                      | Arbeidskle                          |
| • Matlaging med Unge Kokkar    | Forkle                              |

## Kontaktpersonar:

Steffen Stråtveit

mobil: 92 16 26 46

Ragnhild Hauge Helland

mobil: 92 28 84 93

**Hjarteleg velkomen!**  
**Helsing Bordalen 4H**